

PLAN FOR EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

2022/2023

TYSVÆRVÅG BARNE- OG UNGDOMSSKULE



INNHOLD

Formålet med planen	3
1 EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ	4
1.2. Systematisk arbeid med skulemiljø.....	4
1.3. Kjenneteikn på et trygt og godt skulemiljø	5
2. AKTIVITETSPLIKT	8
Følgje med.....	9
Gripe inn.....	9
Varsle.....	9
Undersøkje.....	10
Sette inn tiltak.....	10
Prosedyrar som sikrar at aktivitetsplikten på skolen blir ivaretatt.....	11
2.1. Særskilt sårbare elever.....	11
2.1.1. Moglege kjenneteikn på sårbarhet	11
2.1.3. Skulemiljøtiltak for å ivareta særskilt sårbare elever	12
2.2. Skjerpa aktivitetsplikt når ein tilsett krenkar ein elev	14
3. Klagetilgang	15
3 Brukarmedverknad.....	15
3.1 Elevrådet.....	16
3.2 Skulemiljøutvalet (SMU)	17
3.3 Trivselsprogrammet (TL).....	18
4 KARTLEGGINGSVERKTØY	18
4.1 Verktøya Spekter og elevundersøkinga	18
4.2 Sosiogram.....	18
4.3 Kartlegging av det sosiale miljøet i klassen	19
4.4 Observasjonsverktøyet INNBLIKK	19
4.5 Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme (Dembra)	20
APPENDIX.....	21
FORSKING OM KRENKING OG MOBBING	21
Utestenging- årsaker og følger.....	21
To hovedtypar av mobbarar.....	22
digital mobbing	22
Intensjonskriteriet	23
Maktubalanse.....	23
Repetisjon	24
Opplæringslova kapittel 9 A.....	24
Ordensreglement for Tysværskulen	29
Lov om straff (Straffeloven)	29

§ 202. Identitetskrenkelse	29
§ 263. Truslar	29
§ 266. Hensynsløs aferd	29
§ 267. Krenkelse av privatlivets fred, (første ledd)	30
Lov om opphavsrett til åndsverk m.v. (Åndsverkloven)	30
V FNs konvensjon for barns rettar.....	30
RESSURSSIDER OG KJELDER	31

FORMÅLET MED PLANEN

Planen er ein lokal plan for skulen, som er forankra i gjeldande regelverk og den kommunale planen for eit trygt og godt skulemiljø.

God kommunikasjon og samhandling er kvalitetskjenneteikn på eit trygt og godt skulemiljø. Det er eit felles ansvar og ei moralsk forplikting for alle på Tysværvåg å skape eit slikt miljø. Elevane skal få erfaringar med å lytte til andre, yte for andre og medverke til eit godt og inkluderande fellesskap. Dei skal kunne ta imot ros og tilbakemeldingar og kunne tilpasse seg reglar og system.

Tysværvåg skal vere kjenneteikna av nulltoleranse for krenking, mobbing, trakassering og diskriminering. **Elevane skal vite at deira subjektive oppfatning av korleis dei har det blir tatt på alvor.**

Eit trygt og godt skulemiljø omfattar det som skjer på skulen sitt område, på skulevegen og alle arrangement i skulen sin regi. Skulehelsetenesta, pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og andre tverrfaglege tenester er viktige medspelarar i arbeidet med å skape eit godt miljø. Alle vaksne rundt barnet utgjer eit lag som har eit felles ansvar for å vere med på å skape eit trygt oppvekstmiljø.

Opplæringslova Kapittel 9A Elevane sitt skulemiljø blei sist endra med verknad frå 01.08.2017.

Rektor skal systematisk syte for at alle tilsette har god kunnskap om kapitlet med tilhøyrande endringar. Skulen skal informere elevane og foreldra om rettane deira og særleg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.

Tysværvåg har eit eige årshjul som sikrar korleis det skal gjennomførast

1 EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

Elevane på Tysværvåg skal bli møtt av vaksne med gode verdiar. Strategiplanen legg føringane, og rektor er ansvarleg for å synleggjere verdiane i lokale dokument. Skulen sin lokale kultur kjem til uttrykk i form av haldningar og verdiar og er summen av m.a. elevsyn, læringssyn, skuleleiing, kompetanseheving og vurderingsmåtar.

I Opplæringslova § 9A brukar ein omgrepet skulemiljø, forstått som summen av læringsmiljø og ytre rammefaktorar. Læringsmiljø er dei miljømessige faktorane som skulen har påverknad på. Elevføresetnader og heimesituasjon er døme på ytre rammefaktorar. Psykososialt skulemiljø blir definert som summen av læringsmiljø og ytre rammefaktorar og føreset at alle rundt eleven samarbeider.



Det er læraren som har ansvaret for å utvikle eit godt læringsmiljø. Dette krev fokus på klasseleiing, mobbing og andre krenkingar. Ein god klasseleiar motiverer elevane og har positive forventingar til dei, gir elevane fagleg og sosial støtte, skaper ein god læringskultur, syter for struktur og reglar, er open for å bli observert av kollegaer og vurderer sin eigen praksis med fokus på forbetring og utvikling.

1.2. SYSTEMATISK ARBEID MED SKULEMILJØ

Arbeidet mot mobbing og andre krenkingar inngår i det daglege arbeidet med å skape eit godt læringsmiljø på Tysværvåg barne- og ungdomsskule.

Systematisk arbeid mot mobbing inneber:

- Førebyggjer
- Avdekker
- Stoppar
- Følgjer opp uønska hendingar.

Skulen må vere særleg merksam på ansvaret ein har når det gjeld digital mobbing.

1.3. KJENNETEIKN PÅ EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

Tysværåg barne- og ungdomsskule har ei god leiing som kontinuerlig arbeider med å forbetre ulike sider ved læringsmiljøet og har gode rutinar for arbeidet med skulemiljø.

- Skulen har utvikla ei god klasseleiing prega av gode relasjonar mellom lærer og elev.
- Skulen har positive relasjonar mellom elevene og ein kultur for læring blant elevane
- Skulen har gode relasjonar og eit godt samarbeid med foreldra.

God klasseleiing. Ein støttande lærar viser både emosjonell og fagleg støtte. Emosjonell støtte kan vere knytt til eleven sin sosiale situasjon. Fagleg støtte handlar om at relasjonen er prega av varme og interesse for at elevane skal meistre og oppretthalde motivasjonen for læring. Eleven må vite kva du forventar som lærar. Det må vere gjensidig respekt og tillit som gjer at ein kan vere saman om arbeidet som skal gjerast.


Relasjonell kompetanse er avgjerande for læring, vurderingspraksis og læreringsmiljø. Det pedagogiske handverket blir definert som pedagogen si evne til å sjå kvart enkelt barn på barnet sine eigne premissar og avstemme si eiga åtferd utan å bli handlingslamma ut frå eigne kjensler. Den andre dimensjonen er den pedagogiske etikken, det vil seie læraren si evne og vilje til å ta på seg det fulle og heile ansvaret for kvaliteten på relasjonen.

Alle elever, uansett kor stor elevgruppa måtte vere, har ein relasjon til læraren sin. Den profesjonelle lærar har ei etisk plikt til å syte for at denne relasjonen er så god som mogleg. Å vere høfleg, er døme på profesjonell relasjonsbygging.

Systematisk arbeid med relasjonsbygging skal gjerast etter modellen på neste side, minst to gonger i skuleåret.

Plasser namnet på alle elevane inn i dei ulike sonene i modellen. Sikkerheitsona, dvs dei elevane du veit du har ein god relasjon til (grøn), risikosona (gul), dvs. dei elevane du veit du innimellan har ein dårlig relasjon til, faresona (raud), dvs. dei elevane du veit du gjennomgåande har ein problematisk relasjon til. Korleis tek du vare på dei gode relasjonane? Korleis kan du betre relasjonane til dei elevane du

opplever å ikkje ha fullt så god relasjon til? **Til å hjelpe deg i dette arbeidet skal du bruke skjema Relasjon lærer – elev, som ligg ved.**



Godt skule – heim samarbeid. Eit forpliktande samarbeid mellom heim og skule er avgjerande for å legge til rette for læring og trivsel. Heim og skule må registrere og gi melding om negativ åtferd også på skulevegen. Alle vaksne i skulesamfunnet og dei føresette til elevane har ansvar for å vere merksame på at mobbing kan skje. Det viktigaste er at ein som vaksen grip inn og syter for at mobbinga stansar. Dersom nokon observerer eller får høyre noko som kan knytast til mobbing, skal ein gi melding til skulen, anten til kontaktlærar, rektor eller inspektør. Alle meldingar skal følgjast opp omgående. **Involverte elevar skal bli høyrde.** Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Kultur for læring. Gode skular bidreg til at alle barn og unge opplever omsorg, meistring, trivsel og læring. Det fremjar god psykisk helse og moglegheita til å få eit godt liv.

På Tysværvåg barne- og ungdomsskule skal alle elevar få opplæring i Psykologisk førstehjelp og bruk av verktøyet grøne og raude tankar. Opplæringa er lagt til 5. og 8. trinn og elles ved behov.

Sosial kompetanse er eit sett av ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som ein treng for å meistre ulike sosiale miljø og som gjer det mogleg å etablere og vedlikehalde relasjonar og som bidreg til å auke trivsel og fremje vekst.

Empati er viktig for å kunne etablere vennskap og nære relasjonar til andre, og vil også fungere som ei motvekt mot for eksempel mobbing og vald. Empati er situasjonsbestemt og kan derfor utviklast og endrast. Skal elevene utvikle empati, bør dei møte empatiske lærarar. På Tysværvåg veit alle kva vi legg i det autoritative perspektivet og skal kollektivt jobbe etter desse verdiane.

Ei viktig side ved samarbeid er å følgje reglar og beskjedar. Samarbeid inneber å dele, hjelpe andre og vere gjensidig avhengig av kvarandre. Samarbeid bør ein øve på i realistiske situasjonar, det må verdsettast og utøvast aktivt.

Evne til sjølvhevdning er ofte avgjerande for å kunne delta aktivt i sosiale fellesskap. I dette ligg og evne til å kunne seie nei til det du helst ikkje bør vere med på. Sjølvhevdning omfattar å be andre om hjelp, å kunne stå for noko sjølv og å reagere på andre sine handlingar.

Sjølvkontroll handlar om å tilpasse seg fellesskapet og ta omsyn til andre. Det inneber å kunne vente på tur, vere kompromissorientert og å reagere på erting og kommentarar frå andre utan å ta igjen, bli sint eller slåss. Å vere medviten sine eigne kjensler og å ha evne til å forstå seg sjølv, er ein viktig føresetnad for å ha sjølvkontroll.

Å ta ansvar handlar for å utføre oppgåver og vise respekt for eigne og andre sine eigendalar og arbeid. Utvikling av ansvar heng saman med å få ansvar gjennom medråderett og ta konsekvensane av dette ansvaret. Å ta ansvar handlar og om evne til å kunne kommunisere med vaksne.

1.4. EVALUERING AV DET FØREBYGGANDE ARBEIDET

Det førebyggande arbeidet for å stimulere elevane sitt skolemiljø blir evaluert i tillegg til skolemiljøundersøkinga på denne måten:

Elevrådet: Evaluerer og melder eventuelle ønske om endringar til rektor

FAU og SMU: Evaluerer og melder eventuelle ønske om endringar til rektor

Fellesmøte for alle tilsette: Evaluerer og melder eventuelle ønske om endringar til rektor

Leiarmøte: Evaluering og oppfølging av tiltak. Kontinuerlig og i januar og mai/juni.

Referanse:

1. *EHMS 01 – Årsjul for tilretting av godt sosialt miljø til elevene*
2. *EHMS 04 – Plan for involvering av elever, råd og utvalg i systematisk forbedring av skolemiljø.*

2. AKTIVITETSPLIKT

Opplæringsloven Jf. § 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

Skolens aktivitetsplikt er femdelt:

- følgje med
- gripe inn
- varsle rektor
- undersøke all mistanke om og kjennskap til
- sette inn eigna tiltak heilt til eleven har det trygt og godt

Alle som arbeider på skolen, skal **følgje med** at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, **gripe inn** og stoppe krenkande åtferda med ein gong dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal **varsle rektor** dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Aktivitetsplikta gjeld for alle tilsette på skolen: SFO, kontorpersonell, reinhaldar, vaktmester, assistenter, fag- og miljøarbeidarar, lærarar og skuleadministrasjonen.

Rektor er ansvarleg for å informere alle tilsette om kva aktivitetsplikta inneber. I alvorlege saker skal rektor varsle skuleeigar.

Prosedyrar som sikrar at alle tilsette har fått opplæring i aktivitetsplikt:

3. *EHMS 01 – Årshjul for tilrettelegging av godt sosialt miljø for elevene.*
4. *EHMS V1 – Sjekkliste for gjennomføring av opplæring av tilsette, elever og føresette i Opplæringslova kapittel 9A. Elevane sitt skulemiljø.*

FØLGE MED

Dette inneber bl.a. at alle tilsette må følge ekstra nøye med, og aktivt observere korleis eleven agerer kvar for seg og saman på ulike arenaer i skulen. Skulen har plikt til gjennom et systematisk arbeid å førebygge og avdekke gjennom «å følge med». Dette kan gjerast med eit ekstra skjerpa blikk i kvar dagen, bry seg, og bruke verktøy som f.eks. Spekter og Innblikk. Kartleggingsverktøy er beskrive nærmare i kapitel 4. Kartleggingsverktøy i dette dokumentet.

Alle elevane skal spørjast om dei har det trygt på skulen og om dei trivest tidleg i skuleåret. Det er eit eige skjema for dette. Kartlegging av trivsel og tryggleik i starten av skuleåret.

GRIPE INN

Gjeld alle som arbeider på skolen. Handlinga skal skje omgåande og den skal vere retta mot å stoppe ein situasjon som føregår der og då, og er forholdsvis akutt.

VARSLE

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal alle som arbeider på skulen varsle rektor, eventuelt til den på skulen rektor har delegert oppgåva til. Det er låg terskel for kva som skaper «mistanke» eller «kjennskap til». Plikta må sjåast på i samanheng med «å følgje med». Dersom

vaksne på skulen krenkar elevar, er det en skjerpa aktivitetsplikt. Ein kan ikkje snu seg vekk dersom ein elev vert utsett for krenkande handlangar frå ein vaksen på skulen. Den vaksne sin lojalitet må gå i barna sin favor, og plikta til å varsle rektor inntrer straks. Dersom det er ein i skolensi leiing som står bak ei krenking, skal den som får mistanke, varsle skuleeigar direkte.

UNDERSØKJE

Skulen har plikt til å undersøkje saka ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Dvs. skulen har plikt til å undersøke meir enn dei sakene der ein elev er utsett for mobbing og krenkingar. Undersøkinga skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunn for eleven si oppleving, og kva forhold i eleven sine omgjevnader som påverkar korleis han eller ho opplever skolemiljøet. Dette omfattar også tilhøve tilbake i tid, utanfor skuletida eller skuleområdet, dersom dette påverkar eleven sin kvardag på skulen. Eleven si meining og oppleving må sjåast i samanheng med Grunnlovens §104 og Barnekonvensjonens artikkel 3 og 12.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka. Kartleggingsverktøy er beskrive nærare i kapittel 4 Kartleggingsverktøy.

SETJE INN TILTAK

Tiltaksplikta blir utløyst når ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Korleis barnet faktisk har det, avgjer retten til tiltak. Nokre barn insisterer på at alt er ok, sjølv om det openbart ikkje er det. Dette må sjåast opp mot «barnets beste», som skal vere eit grunnleggande omsyn i skolen sitt arbeid med å oppfylle aktivitetsplikta. Tiltaka må følgjast opp, effekten evaluerast, og eventuelt nye tiltak setjast inn, dersom det er nødvendig. Tiltaksplikta gjeld berre tiltak på skulen, og gjeld så lenge ein elev ikkje opplever å ha det trygt og godt der.

Tysværvg barne- og ungdomsskole har utarbeida mal for observasjonsplan, som skal brukast for å samle informasjon om eleven sin situasjon og tiltaksplan.

Tiltaksplan inneheld følgjande informasjon:

- kva tiltak har skulen planlagt
- når skal tiltaka gjennomførast
- kven er ansvarleg
- når skal tiltaka evaluerast

- eleven sitt syn på saka og kva for endringar eleven ønskjer
- eleven sitt syn på korleis tiltak fungerer
- resultata frå evalueringar
- alle tiltak skal ha fagleg pedagogisk grunngjeving

Dokumentasjonen skal arkiverast i eleven si elektroniske mappe og blir skriven i websak. Det er eigen mal til korleis den skal skrivast. Når det er mogleg, skal skulen bruke stafettlogg i desse sakene, slik at føresette kan følgje med på tiltaka. Det skal også vere jamlege møte både med eleven og føresette for å evaluere tiltak. Det er viktig at ein evaluerer resultatet undervegs for å kunne eventuelt justere tiltak. Saka skal ikkje avsluttast før eleven opplever skolemiljø som trygt og godt.

PROSEDYRAR SOM SIKRAR AT AKTIVITETSPLIKTA PÅ SKOLEN BLIR TATT VARE PÅ

1. EHMS 08 – Prosedyre for inspeksjon
2. Vedlegg: EHMS V6 – Sjekkliste for inspeksjon. Sjekkliste skal brukast regelmessig på personalmøte for å halde på fokus og for å dokumentere.
3. Vedlegg: EHMS V7 – Inspeksjonsplan.
4. EHMS 01 – Årsjur for tilrettelegging av godt sosialt miljø til elevane.
5. EHMS V1 – Elevsamtaleskjema
6. EHMS 06 – Prosedyre for handtering av fysisk/psykisk vold, krenkelser og mobbing.
7. EHMS V2 – Elevsamtaleskjema
8. EHMS V4 – Observasjonsplan
9. EHMS V5 – Tiltaksplan
10. EHMS V9 – Meldeskjema §9a
11. EHMS V8 – Melding om bekymring om skolemiljø

4.1. SÆRSKILT SÅRBARE ELEVAR

*Alle kan være sårbare i kortare eller lengre periodar av livet, spesielt når vi har utfordrande livssituasjonar og relasjonar. Når elever er i en sårbart situasjon, er det viktig at skolen kjenner att og forstår, og ikkje gjør sårbartet til en stigmatiserande personkarakteristikk. Samstundes er det viktig å være bevisst på elever og grupper som kan trenge noe meir enn andre. Det er også viktig å være merksam på at digitale hendingar kan føra til ein forsterka sårbartet. Barn og unge som er i sårbare situasjonar på andre områder, kan være ekstra sårbare på nett. **Udir.no 14.08.2019.***

2.1.1. MOGLEGE KJENNETEIKN PÅ SÅRBARTET

Sårbartet kan vere knytt til for eksempel eleven sin religion, seksuelle orientering, kjønnsuttrykk, funksjonsevne, at eleven har åtferdsvanskar eller sosio-emosjonelle

vanskar eller forhold ved eleven sin familie og heimesituasjon. At ein elev tidlegare har vore utsett for krenkingar, kan også gjere ein elev særskilt sårbar.

Nokon elevar kan vere utagerande, mens andre elever lukkar fortviling, utrygghet og sårbarhet inne i seg og blir stille. Andre igjen kan vise ulike uttrykk i forskjellige situasjoner. Dei kan ha både innagerande og utagerande uttrykk ut i frå kva for kontekst dei er i og kva for menneske de er sammen med. Nokon elevar kan sjå ut som om dei har det heilt fint. Desse elevane er gode til å tilpasse seg andre sine forventningar slik at ingen merkar noko ved første augekast.

Korleis vaksne tolkar, forstår eller eventuelt feiltolkar, overser eller bortforklarer elever sine åtferdsuttrykk, har betydning for skulen sin pedagogiske praksis og skulemiljøtiltak. Det varierer korleis barn og unge møter miljømessige og relasjonelle utfordringar. Derfor er det viktig at skulen er fleksibel og viser skjønn i tilpassingane til dei enkelte elevane.

2.1.3. SKOLEMILJØTILTAK FOR Å TA VARE PÅ SÆRSKILT SÅRBARE ELEVAR

Tysværvåg barne- og ungdomsskule har eit særskilt fokus på elevar som kan vere særskilt sårbare.

Ressursteamet består av rektor, inspektør, spes. pedagogisk koordinator, sosiallærar, rådgjevar, PPT- kontakt og helsejukepleier.

Teamet har fast møte kvar torsdag. På møta blir det tatt opp saker som gjeld særskilt sårbare elevar.

Alle tilsette på skulen får nødvendig informasjon om særskilt sårbare elever på fellesmøtet på tysdagar og onsdagar.

Opplæring av tilsette.

Alle tilsette på Tysværvåg barne- og ungdomsskole får opplæring i arbeid med sårbare elevar. Opplæringa er obligatorisk for alle som arbeider eller yter tenester på skulen. Dette gjeld lærarane, tilsette i skuleadministrasjon, miljøarbeidarar, assistentar, vaktmeisteren osv.

Tidspunktet og ansvaret for opplæringa er beskrive i dokumentet *EHMS 01- Årykul for tilrettelegging av godt sosialt miljø til elevane* og *EHMS V1 – Sjekkliste for gjennomføring av opplæring av tilsatte, elevar og føresatte i Opplæringsloven §9a*.

Det er utarbeidd ein Power Point presentasjon som blir brukt i opplæringa av tilsette på Tysværvåg barne- og ungdomsskule (vedlegg *Presentasjon opplæring §9a*).

Samarbeid med resultatområdet helse- og førebygging.

I Tysvær er alle die tverrfaglege tenestene organisert under Resultatområde helse- og førebygging. Tenestene er samansett av PPT, helsesjukepleartenesta, barnevernstenesta, psykisk helse barn-unge, folkehelsekoordinator og SLT-koordinator.

Kommunen arbeider etter prinsippa for BTI, betre tverrfaglig samhandling.

Føresette og barna har tilgang til god og rask lågterskelhjelp. Verktøyet stafettlogg sikrar koordinering av samarbeid rundt elevane som treng særlig oppfølging, faglig eller sosialt. Å opprette stafettlogg krev samtykke frå føresette. Loggen er digital og pålogginga er godkjent av datatilsynet og skjer via personleg ID. Stafettlogg kan vere aktuelt som loggføring for nokre saker knytt til krenking og mobbing.

Foreldre/føresette til barn med stafettlogg kan til ei kvar tid følgje prosessar og tiltak rundt barnet.

Samarbeid mellom skule og PPT

PPT er organisert under resultatområde helse- og førebygging, men både PPT og skule arbeider ut frå Opplæringslova. Skule og PPT har utarbeidd ein samhandlingsplan som synleggjer samarbeidet både på individ- og systemnivå. Kvar skule har sin eigen PPT-skulekontakt og samarbeider tett med desse. PPT er ein sentral samarbeidspart når det gjeld det psykososiale skudemiljøet og tilbyr skulane rettleiing både under kartlegging og oppfølging av mobbing.

PPT er invitert til ressursteamet ved skulen som jobbar med trygt skudemiljø kvar torsdag.

Samarbeid med skulehelsetenesta

Foreldre/føresette kjenner helsesjukepleartenesta gjennom spedbarn- og småbarnstida. Terskelen for å ta kontakt er låg. Tenesta ønsker å bidra i arbeidet med å skape eit godt skudemiljø. Tysværvåg har helsesjukepleiar på skulen to dagar i veka.

Helsesjukepleiar er invitert til ressursteamet ved skulen som jobbar med trygt skudemiljø kvar torsdag.

Samarbeid gjennom Tverrfagleg oppvekstteam (TOT)

Tverrfagleg oppvekstteam (TOT), er kommunen sitt samarbeidsorgan for barnehage, skule og helse & førebygging. Tysværvåg har sitt team. PPT, helsesjukepleiar, barnevern, politi, SLT koordinator og psykisk helse barn-unge har faste representantar i teamet. Andre tenester kan delta etter spesiell innkalling. I

TOT kan ein drøfte mobbing, førebyggjande tiltak, klassemiljø, skulemiljø, miljø i barnehagar, fritidsmiljø, rusproblematikk, vald og rasisme både generelt nivå og på individnivå. Det er fire faste TOT - møter i året, men ein kan kalle inn til fleire.

Samarbeid med SLT-koordinator

Tysvær kommune har eigen SLT-koordinator (samordningsmodell for lokale, førebyggande tiltak mot rus og kriminalitet), som m.a. har overordna ansvar for å gjennomføre og driftet MOT-programmet og overgangsleir for nye 8. klasse. Ved å ha auka medvit om sosial påverknad, bruke gode rollemodellar og auke trua på eigne krefter skal MOT-programmet bidra til å hjelpe ungdom til å ta gode val og ha mot til å seie nei.

4.2. SKJERPA AKTIVITETSPLIKT NÅR EIN TILSETT KRENKAR EIN ELEV

Jf. § 9 A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev

Aktivitetsplikta er skjerpa dersom det er ein som arbeider på skulen, som krenkjer ein elev. Den om oppdagar dette, skal straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigar.

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigar.

Å varsle straks betyr at den tilsette ikkje kan vente til slutten av skuledagen, men han/ho må varsle rektor omgåande. Alle varsel på alle nivå må dokumenterast skriftlig slik at dokumentasjonsplikta blir ivaretatt. Rektor er deretter ansvarlig for at aktivitetsplikta er oppfylt ved straks å undersøke, utforme ein aktivitetsplan og sette inn eigna tiltak.

Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skuleigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga.

Prosessen, som beskriv handtering av saker når lærar krenker ein eller fleire elevar er beskrive i prosedyren *EHMS 03 – Prosedyre for handtering av saker når ein tilsett på skulen krenkar elev(ane)*.

Referanse:

1. EHMS 03 – Prosedyre for handtering av saker når en tilsett på skulen krenkar elev(ane)
2. EHMS V2 – Elevsamtalskjema
3. EHMS V4 – Observasjonsplan

4. EHMS V5 – Tiltaksplan
5. EHMS V9 – Meldeskjema §9a
6. EHMS V8 – Melding om bekymring om skolemiljø

5. KLAGETILGANG

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.

Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skolemiljøet på skolen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen.

Alle elevar og føresette får informasjon om klagerett straks etter skolestart.

Når det ein mistanke at ein elev ikkje har det bra på skolen, blir det sendt melding til føresette om mottatt bekymringsmelding (*EHMS V8 – Melding om bekymring om skolemiljø*). Meldinga inneheld også informasjon om klagerett.

3 BRUKARMEDVERKNAD

Det er viktig å hugse på at det er elevane si subjektive oppfatning av situasjonen som skal vere utgangspunkt for vidare handling, og ikkje den vaksne si tolking av den. Når ein elev meiner at han eller ho ikkje har det trygt og godt på skulen skal det vere utgangspunkt for vidare handling. Eleven skal ta del i heile prosessen når tiltak skal planleggast, gjennomførast, evaluerast og eventuelt justerast.

Opplæringsloven § 9 A-8 omhandlar elevane s deltaking i arbeidet med skolemiljøet. Der står det mellom anna:

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.

Vidare understrekkes viktigheten av at elevråd skal ha eigne representantar med i arbeidet med skolemiljøet. Grunnlovens § 104 og Barnekonvensjonen artikkel 3 har også betydning for arbeidet med skolemiljøet.

I Barnekonvensjonen artikkel 3 står det:

Vaksne skal gjere det som er best for barn.

Det betyr at når vaksne skal bestemme noko som er best for dei.

Grunnlovens § 104 har ei ny bestemming om særskilt vern av barn. Alle involverte elevar skal bli høyrt og elevens beste skal være et grunnleggande omsyn i skolens arbeid. Dette gjelder i alle deler av aktivitetsplikten. Elevar som er mistenkt for, eller har krenka andre elevar skal ha same rett på sikkerhet og rett til å bli høyrt som offeret for krenkingane.

3.1 ELEVÅDET

Opplæringslova § 9A-8. Elevdeltaking i arbeidet med skulemiljø.

Elevene skal delta i planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak for eit trygt og godt skulemiljø.

Opplæringsloven §9A- 9. Informasjonsplikt og rett til å uttale seg.

Elevrådet skal få informasjon og rett til å uttale seg om, og fremme saker som gjelder elevane sitt skulemiljø.

Elevrådet har eit særlig ansvar for å arbeide for å skape eit godt lærings- og skulemiljø. Tysværvåg skal ha elevråd som opplever reell medverknad på eige skulemiljø. Plan for trygt skulemiljø skal vere tema i elevrådet kvar haust og planen skal evaluerast kvar vår. Saker som handlar om trygt skulemiljø skal drøftast i elevrådet.

Ved kvar grunnskole skal det for årstrinna 5-7 og for årstrinna 8-10 vere eit elevråd med representantar for elevane.

Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane på skolen og arbeide for å skape godt lærings- og skulemiljø. Rådet skal også kunne uttale seg i og komme med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane. Tysværvåg har to elevråd.

Årshjul blir laga av elevrådet kvart år i byrjinga av skuleåret i august/september.

Overordna Årsplan for arbeid i elevråd på ungdomstrinnett TBU.			
Månad	Sak	Ansvar	Info. /referat til:
August	Velje elevrådrådsrepresentantar 8. – 10. trinn	Kontaktlærarar	Rektor og leiar elevråd
August	Setje opp datoar for elevrådsmøter hausthalvår	Leiar elevråd	Rektor og kontaktlærarar
August	Informasjon til elevrådet om kva og kvifor elevråd, og kva som er viktig å tenke på som elevråds representant. Gi eksempel på gode elevrådssaker: Konkret-kunne gjennomførast-målbart. Informasjon om «Barndom i Tysvær» (Vedlegg)	Leiar elevråd	Referat til alle

	Gå gjennom plan for eit trygt og godt skulemiljø	Rektor	
August	Informere kontaktlærarar om å setje av tid til elevrådsarbeid	Rektor	Alle
September	Dialog om skulen sine ordens reglar og om korleis ein kan bidra til eit godt skulemiljø. (Elevar og tilsette)	Leiar elevråd	Alle Elevrådsrepresentantane Informerer i klassane
September	Dialog om det å være ein positiv pådrivar med tanke på trivsel i eigen klasse og det å ha eit godt samarbeid med leiinga på skulen. Samtale om korleis ein tar opp sakar i klassen. Hemmelege val, ikkje påverke andre si meining osv.	Leiar elevråd	Alle
September	Juleball: Besøk av Johnny Liadal som informerer om TBU si rolle og ansvarsområde på juleballet. Pynte bord og lage plakat.		Info i klassene.
Oktober	Kva tankar har elevrådet om skulemiljøet? Ta dette opp i klassane og.	Leiar elevråd/kontaktlærar	Alle Elevrådsrepresentantane tar dette opp i klassane
November	Arbeid med «Barndom i Tysvær» 2 elever frå 6. og to elever frå 9. representerer TBU.	Elevråd	Alle
Desember	Juleball	Elevråd	
Januar	Stemme fram forslag til prosjekt «Barndom i Tysvær»	Elevråd	Alle
Februar	Arbeid med «Barndom i Tysvær»	Leiar elevråd	Alle
Mars	Arbeid med «Barndom i Tysvær»	Leiar elevråd	Alle
April	Evaluering av saker dette skuleåret	Leiar elevråd	Alle
Mai	Saker som bør takast vidare neste år Evaluering av plan for trygt og godt skulemiljø	Leiar elevråd	Alle
Juni	God overgang frå småkulen til mellomtrinnet: 7. klasse inviterer 3. klasse på besøk i Sørhuset . Pizzafest for elevrådet, invitere rektor	Elevråds leder 7. trinn	Alle

3.2 SKULEMILJØUTVALET (SMU)

Skulemiljøutvalet (SMU) er eit rådgjevande organ som har eit særskilt ansvar for både det fysiske og det psykososiale miljøet ved skulen. I dette samarbeidsorganet

er elevar og foreldre i fleirtal, noko som gir rom for brukarmedverknad og involvering. Døme på samarbeidsområde er plan for trygt og godt skolemiljø, ordensreglementet, brukarundersøkingar, trivselstiltak og tiltak som kan betre tilhøva ved skulen. Skuleleiarane i Tysværskulen er ansvarlege for at skolemiljøutvalet er i god funksjon ved eigen skule jfr. Opplæringsloven § 11-1a

Det er laga eit årshjul for innhald og datoar for 5 møte i året.

3.3 TRIVSELSPROGRAMMET (TL)

Trivselsprogrammet (TL) har som mål å fremje og auke aktivitet i friminutta, å legge til rette for at elevar skal kunne byggje gode vennskapsrelasjonar, redusere konfliktar blant elevar og fremje verdiar som inkludering og respekt. Kombinert med gode handlingsplaner eller program mot mobbing, er målet at Trivselsprogrammet også skal kunne bidra til å redusere mobbing. Elevar frå 4.-10. trinn er trivselleiarar på sin skule og har eit særleg ansvar for å førebygge mobbing gjennom å aktivisere medelevar i ulike aktivitetar i friminutta.

4 KARTLEGGINGSVERKTØY

4.1 VERKTØYA SPEKTER OG ELEVUNDERSØKINGA


Det er utarbeidd fleire verktøy som kan brukast i arbeidet med å avdekke krenking, mobbing, trakassering og diskriminering.

På Tysværvåg er to verktøy obligatoriske, den ikkje-anonyme spørjeundersøkinga Spekter og elevundersøkinga. Spekter skal gjennomførast munnleg for 1.-2. trinn og digitalt for 3.-10. trinn. Spekter skal gjennomførast minst to gonger i året og er lagt til september/oktober og mars/april.

På Tysværvåg er elevundersøkinga er obligatorisk for 5.-10. trinn og skal gjennomførast før jul. Resultata blir analysert og det vert laga ein plan for oppfølging. Resultata blir førelagt SMU/SU/FAU i januar, saman med nasjonale prøvar.

4.2 SOSIOGRAM

Ved å kartlegge kven elevane helst vil arbeide saman med og vere saman med i friminuttet, har vi eit grunnlag for å få eit godt innblikk i klassemiljøet og om nokon elevar er utestengt frå gruppa. Spekter digitalt gjer dette arbeidet enkelt og effektivt.



4.3 KARTLEGGING AV DET SOSIALE MILJØET I KLASSEN

Utsagn	Heilt enig	Litt enig	Litt uenig	Heilt uenig
Eg er blitt venner med mange i denne klassa.				
I denne klassen blir du godtatt sjølv om du ikkje er like flink eller litt annleis enn andre.				
Dei andre i klassen hjelper meg dersom det er noko eg ikkje får til eller ikke forstår.				
Klassekameratane bryr seg om korleis eg har det				
Klassekameratane mine likar meg.				
Det er elever i klassen som eg ikkje går så godt saman med.				

4.4 OBSERVASJONSVERKTØYET INNBLIKK

INNBLIKK er eit sosial-analytisk verktøy for å førebygge og avdekke skjult mobbing. Det som er særmerkt med dette verktøyet, er at det gir kunnskap i å observere samspelet mellom elevane.

4.5 DEMOKRATISK BEREDSKAP MOT RASISME OG ANTISEMITISMEN (DEMBRA)


Dembra er ei ressurside for skular i arbeidet med å førebygge antisemittisme, rasisme og udemokratiske haldningar. 22. juli 2011 og ulike hendingar andre stader i Europa og verda elles aktualiserer bruken av dette verktøyet. På nettsida finn ein læringsressursar med undervisningsopplegg, bakgrunnsstoff innan ei rekke aktuelle tema. <http://dembra.no/>

APPENDIX

FORSKING OM KRENKING OG MOBBING

UTESTENGING- ÅRSAKER OG FØLGJER


Årsaka til at elevar stenger kvarandre ute, blir forklart ut frå relasjonane mellom dei. Attraksjonsmodellen er henta frå Pål Roland si førelesing under Utdanningskonferansen i Haugesund 2016 og viser til psykologiske mekanismar bak mobbinga.



A, B og C er elevar. Pluss og minus-teikna syner relasjonane mellom dei.

A og B har ein positiv relasjon og oppnår denne ved at begge stenger C ute.

Sjølve dynamikken i mobbinga kan ein også sjå i eit større perspektiv. Modellen under syner eleven A som blir utsett for proaktiv aggressjon frå ei gruppe. Laget rundt eleven, foreldre, PPT, skuleleiinga og læraren/ane vurderer situasjonen og gir råd ut frå si forståing av kva som føregår. Lik kunnskap er ei styrke for laget og den felles oppgåva deira.



Pål Roland (Haugesund 2.11.2016)

Mobbing er alltid aggressjon. **Proaktiv aggressjon** ligg bak handlingar som har eit negativt formål. Mobbing er atferd som verkar belønnande for dei som utfører mobbinga.

Reaktiv aggressjon er knytt til kjensler, t.d. sinne og frustrasjon og blir ikkje rekna som mobbing.

Mobbaren, kvit X, utøver proaktiv aggressjon mot A, dvs den som blir utsett for mobbing. Mobbaren har fleire medløparar, rauda X, med seg på gruppa. Det at dei stenger A ute, skaper tilknyting mellom dei, lyseblå + -teikn. På sidelinja er dei som følgjer med, tilskodarane. Dei er ikkje aktive, men ved å la vere å gripe inn oppfattar både mobbar og den som blir utsett for mobbinga, dei som støtte til mobbinga

TO HOVUDTYPAR AV MOBBARAR

Det er to hovudtypar av mobbarar, dei populære og dei som sjølv er utsett for mobbing (Salmivalli et al 2009 vist til av Roland 2016)

Dei populære bruker negative handlingar, t.d. utestenging, for å oppretthalde popularitet. Jf modellen ovanfor. Dei er sentrale i nettverket og «styrer» mobbinga gjennom og ved hjelp av andre. **Bully – victim** er personar som sjølv blir mobba og som mobbar andre som er svakare enn dei sjølve.

Dei som blir utsett for mobbing tilhører tre hovudtypar:

Dei sårbare og innadvendte som har vanskar i relasjonar, ikkje forsvarer seg, er utestengt og stenger seg ute sjølv.

Dei utagerande som har reaktiv problematikk og er utestengt.

Dei flinke elever som kjem i klassemiljø der medelevane er negative til læring.

DIGITAL MOBBING

Hildegunn Fandrem (Haugesund 2016) skil mellom ulike hovudtypar av mobbing. Det er og overlappingar mellom desse.:

Direkte mobbing <-> **Indirekte/skjult mobbing**

Ansikt til ansikt/tradisjonell <-> Digitalt/gjennom sosiale media

Fysisk mobbing – direkte, ansikt til ansikt -> førekjem ikkje digitalt

Vondsinna erting eller truslar – direkte -> kan førekomme digitalt

Utfrysing/utestenging/baksnakking – indirekte -> kan førekomme digitalt

Identitetsbasert mobbing (basert på kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisitet, seksuell orientering) -> førekjem oftare digitalt enn ansikt-til-ansikt .

Digital mobbing skjer gjennom bruk av sosiale media, dvs. ved bruk av digitale hjelpemiddel (bilete, film, tekst)

Sms



Snapchat



Facebook



YouTube



Instagram



Blogg



Twitter

Momio

Jodel

INTENSJONSKRITERIET

Generell aggressjon => *intent to cause harm*

Dei fleste unge seier at digital mobbing inneber ein intensjon om å skade.

Det er vanskelig å identifisere intensjonen når ein ikkje ser mobbaren

Sjølv om ikkje intensjonen var å skade, kan det likevel hende at den som blir utsett opplever at der er en intensjon

=> Intensjonskriteriet bør inkluderast i definisjonen også når det gjelder digital mobbing

MAKTUBALANSE

Fysisk styrke er ikkje relevant ved digital mobbing. Men psykologisk sjølvskjærhet og høgare sosial status er også relevant i det virtuelle rommet.

Anonymitet -> vanskelegere å forsvare seg når ein ikkje veit kven det er. Publisitet -> det uavgrensa publikummet gjør det ekstra utrygt

=> makkriteriet bør inkluderast også når det gjelder digital mobbing

REPETISJON

Spreiing/stort publikum: Ei hending kan begynne å rulle «som ein snøball» utan at mobbaren har kontroll (t.d. distribusjon av bilet) -> Ei enkelt hending frå ein mobbar kan bli repetert fleire gonger av andre og den som blir utsett for mobbinga blir ramma fleire gonger.

Tilgjengelegheit: Ein sms eller eit bilet sendt berre ein gong kan tas fram mange gonger -> opplevinga blir gjenteken, sjølv om mobbeåfferda har skjedd berre ein gong

=> Ikkje eit aktuelt kriteriet i kriteriets opprinnelige forstand da repetisjon ligger i de digitale mediers natur

OPPLÆRINGSLOVA KAPITTEL 9 A

(Heile kapittelet endra med lov 9 juni 2017 med verknad f.o.m. 01.08.2017)

§ 9 A-1. Verkeområde for kapitlet

Kapitlet her gjeld for elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Kapitlet gjeld òg for elevar som deltek i leksehjelpordningar og i skolefritidsordningar, med unntak av §§ 9 A-10 og 9 A-11.

§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

§ 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skulen snarast undersøke saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skulen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

§ 9 A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenker ein elev

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

§ 9 A-6. Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.

Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skolemiljøet på skulen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen.

Skulen og skuleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som Fylkesmannen meiner må til for å greie ut saka. Fylkesmannen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i Fylkesmannen si saksbehandling.

Kjem Fylkesmannen til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5, kan Fylkesmannen vedta kva skulen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og Fylkesmannen skal følgje opp saka. Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skulen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal byte skule, jf. § 8-1 fjerde ledd.

Avgjerala til Fylkesmannen er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningsloven. Skuleeigaren har ikkje klagerett.

§ 9 A-7. Det fysiske miljøet

Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skulen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til kvar tid tilrår. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skulen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skulen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skulen som har funksjonshemminger.

Dersom ein elev eller forelder eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningsloven. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føreseggnene i forvaltningsloven som om det var gjort enkeltvedtak.

§ 9 A-8. Elevdeltaking i arbeidet med skolemiljøet

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt suolemiljø.

Elevrådet kan oppnemne representantar til å vareta elevane sine interesser overfor skolen og styresmaktene i skolemiljøsaker. Dersom det finst eit arbeidsmiljøutval eller liknande organ ved skulen, kan elevane møte med opp til to representantar når utvalet behandler saker som gjeld skolemiljøet. Representantane skal bli kalla inn til møta med talerett og rett til å få meininga si protokollert. Dei skal ikkje vere til stades når utvalet behandler saker som inneheld opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Representantane skal få den informasjonen dei treng, men ikkje opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt. I den mon det trengst, har dei rett til opplæring for å skjøtte oppgåvane og fritak frå undervisninga.

§ 9 A-9. Informasjonsplikt og rett til å uttale seg

Skulen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skulane skal også informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.

Dersom skulen finn ut at noko ved skulemiljøet kan skade helsa til elevane, skal elevane og foreldra snarast mogleg varslast om det.

Samarbeidsutvalet, skuleutvalet, skulemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

§ 9 A-10. Ordensreglement

Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskule, og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skule.

Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Skulen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkjande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i forvaltningsloven § 38 første ledd bokstav c om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

§ 9 A-11. Bortvising

Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at grunnskuleelevar kan visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opp til tre dagar.

Fylkeskommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar i vidaregåande skule kan visast bort frå undervisninga i opp til fem dagar dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Det kan like eins fastsetjast at elevar kan visast bort for resten av skuleåret dersom brota er særleg alvorlege.

Rektor kan vedta bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven.

Fylkeskommunen kan vedta at ein elev i vidaregåande skule skal visast bort for resten

av skuleåret. Om ikkje kommunen eller fylkeskommunen fastset noko anna, kan rektor gi lærarar høve til å vise bort elevar frå si eiga undervisning for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar.

Før det blir gjort vedtak om bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak. Foreldra skal varslast før ein elev på 1. til 7. årstrinn blir bortvist for resten av dagen.

§ 9 A-12. *Tvangsmulk*

For å sikre gjennomføringa av vedtak etter § 9 A-6 fjerde ledd kan Fylkesmannen og klageinstansen fastsetje tvangsmulk for skuleeigaren. Avgjerd om tvangsmulk kan gjerast samtidig med vedtak etter § 9 A-6 fjerde ledd eller seinare.

Ei avgjerd om tvangsmulk får verknad når skuleeigaren ikkje held fristen for gjennomføring av vedtaket etter § 9 A-6 fjerde ledd, og mulkta går inntil vedtaket er oppfylt. Ei avgjerd om tvangsmulk får ikkje verknad dersom det blir uråd å rette seg etter vedtaket og den ansvarlege ikkje kan noko for dette.

Avgjerala om tvangsmulk skal behandlast i samsvar med reglane i forvaltningsloven kapittel IV og V. Skuleeigaren har ikkje klagerett.

Mulkta går til statskassa. I særlege tilfelle kan tvangsmulkta reduserast eller falle bort.

Departementet kan gi forskrift om kva slags tvangsmulk som kan nyttast, og om kor stor mulkta skal vere.

§ 9 A-13. *Straffansvar*

Med bøter, fengsel i opp til 3 månader eller begge delar blir den straffa som forsettleg eller aktlaust, og alvorleg eller gjentekne gonger, bryt plikta etter § 9 A-4 første og andre ledd og § 9 A-5. Med bøter, fengsel i opp til 3 månader eller begge delar blir rektoren straffa som forsettleg eller aktlaust, og alvorleg eller gjentekne gonger, bryt plikta etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd.

Dersom § 9 A-4 første til fjerde ledd eller § 9 A-5 er brotne av nokon som handlar på vegner av skolen, kan skuleeigaren straffast, jf. straffeloven § 27.

Fristen for forelding av straffansvaret er 5 år.

§ 9 A-14. *Erstatningsansvar og bevisbyrde*

Reglane i lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning kapittel 2 gjeld for saker om psykososialt skolemiljø etter reglane i dette kapitlet.

Dersom det i saker etter første ledd ligg føre tilhøve som gir grunn til å tru at skuleeigaren ikkje har følgt reglane i eller i medhald av kapittel 9 A om psykososialt skulemiljø, skal dette leggjast til grunn med mindre skuleeigaren gjer noko anna truleg.

§ 9 A-15. *Forskrift om skulemiljøet*

Departementet kan gi forskrift om krav til skulemiljøet.

ORDENSREGLEMENT FOR TYSVÆRSKULEN

Ordensreglementet for Tysværskulen, blei vedtatt som forskrift i levekårutvalet 18.11.2015 er forpliktande for alle skulane. Kvar skule skal utdjupe reglane og tilpassa dei til sin skule med eige reglement for SFO. reglane er eit viktig verktøy i arbeidet med å skape eit trygt og godt skulemiljø. Reglementet er revidert etter lovendringa i opplæringslova 9 juni 2017.

LOV OM STRAFF (STRAFFELOVEN)

Digital mobbing fell inn under fleire av paragrafane i Straffelova. Å utgi seg for å vere ein annan person på sosiale media, facerape, inneber å krenke ein annan sin identitet. Medverknad kan også straffast.

§ 202. IDENTITETSKRENKElse

Med bot eller fengsel inntil 2 år straffes den som uberettiget setter seg i besittelse av en annens identitetsbevis, eller opptrer med en annens identitet eller med en identitet som er lett å forveksle med en annens identitet, med forsett om å oppnå en uberettiget vinning for seg eller en annen, eller påføre en annen tap eller ulempe

Å trua nokon verbalt eller gjennom handling slik at dei blir alvorleg redde, er straffbart.

§ 263. TRUSLER

Den som i ord eller handling truer med straffbar atferd under slike omstendigheter at trusselen er egnet til å fremkalle alvorlig frykt, straffes med bot eller fengsel inntil 1 år.

Å opptre skremmande eller plagsamt eller viste atferd som krenkar andre sin fred, er og straffbart. Dette kan gjelde for ~~mobbing~~.

§ 266. HENSYNSLØS ATFERD

Den som ved skremmende eller plagsom opptreden eller annen hensynsløs atferd forfølger en person eller på annen måte krenker en annens fred, straffes med bot eller fengsel inntil 2 år.

Det er heller ikke lov å krenke privatlivets fred.

§ 267. KRENKELSE AV PRIVATLIVETS FRED, (FØRSTE LEDD)

Den som gjennom offentlig meddelelse krenker privatlivets fred, straffes med bot eller fengsel inntil 1 år.

LOV OM OPPHAVSRETT TIL ÅNDSVERK M.V. (ÅNDSVERKLOVEN)

Å dele bilder offentleg krev samtykke av den som er avbildet, med nokre få unntak.

§ 45c. Fotografi som avbilder en person kan ikke gjengis eller vises offentlig uten samtykke av den avbildede, unntatt når a) avbildningen har aktuell og allmenn interesse, b) avbildningen av personen er mindre viktig enn hovedinnholdet i bildet, c) bildet gjengir forsamlinger, folketog i friluft eller forhold eller hendelser som er av allmenn interesse

V FNS KONVENTSJON FOR BARNS RETTIGHETER

Ein skal alltid ta omsyn til Barnets beste.

RESSURSSIDER OG KJELDER

[https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-2/id2400765/?q=NOU%202015:2%20\(05.07.2017\)](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-2/id2400765/?q=NOU%202015:2%20(05.07.2017))

<https://www.regjeringen.no/contentassets/95ef678cc8c7454fb45e3f57826dd461/partnerskapmotmobbing.pdf> (05.07.2017)

<http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/fou/fou-rapporter/framtidas-kompetanse/?id=41291> (05.07.17)

<https://www.utdanningsforbundet.no/Hovedmeny/Profesjonsetikk/> (05.07.17)

<http://www.udir.no/Laringsmiljo/> (05.07.17)

<http://www.trivselsleder.no/no/HJEM/> (05.07.17)

<http://laringsmiljosenteret.uis.no/mobbing/> (05.07.17)

http://laringsmiljosenteret.uis.no/category.php?method=Mobbing&lang=no_NO&categoryID=13266&q=innblikk (05.07.17)

<http://laringsmiljosenteret.uis.no/prosjekt-og-program/laeringsmiljoe-prosjektet/> (05.07.17)

[https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-2/id2400765/?q=NOU%202015:2%20\(05.07.2017\)](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-2/id2400765/?q=NOU%202015:2%20(05.07.2017))

<http://www.mot.no/om-mot/hva-gjor-vi/mot-i-ungdomsskolen/> (05.07.17) MOT i ungdomsskolen

<http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/fou/fou-rapporter/framtidas-kompetanse/?id=41291> (05.07.17) Framtidas kompetanser i barnehage og skole

<http://www.udir.no/laring-og-trivsel/klasseeledelse/> (05.07.17) Klasseeledelse

<https://www.hjelptilhjelp.no/video/psykologisk-forstehjelppskrin-frykt-og-rode-gronne-tanker-norsk> (05.07.17) Psykologisk førstehjelppskrin. Røde og grønne tankar.

www.fylkesmannen.no/rogaland (06.09.2017)

[SÆRSKILT Sårbare elever \(tysver.kommune.no\)](http://www.tysver.kommune.no)



Relasjon lærer -
elev.pdf

